

Vort Norrig vort heim

Tone: Gud signe vort dyra fædreland

1) Vort Norrig vort heim den einaste stad
som nordmenn best seg hyggja
me elskar i tru aa me er glad
Guds kjærleik os heilt kan tryggja
med mot med ryggjar vor aaker her
aa heimen med hugnad byggja

2) I verdi ute kan sankast gull
men hugnad er vant aa vinna
men heimlande gjev os heil aa full
den trevna me treng aa finna
so kvarhelst ein er vil hugen heim
vil heim yver nut aa tinna

3) Aa kjem det yver os fridoms krav
da faar me vel elskjen kjenna
me veit um mange so ligg i grav
dei elskad til blo laut renna
aa slegt etter slegt aa denna slegt
faar sjaa det vil loga, brenna

4) Sjaa fedrane dei tok harde tak
aa løyste so mang ein knute
ransmenn baade for aa bak
naud baate heime aa ute
men elskjen til heimen lyste end
bjart myllum tusinde sute

5) I kjærleik til Gud, i von aa tru
er vaapen som trygt kan verja
Vorherre ser veg til baat aa bru
Han magta sit folk aa berga
Norriges kvinner aa Norriges menn
me honom vor truskap sverja

6) Vort Norrig er rikt paa fyrgongsmenn
dei fjelga so best dei kunna
um ein imyllum faar harde spenn
so vikar ein ikkje unna
aa alle dei gjæve fridomsmenn
byggjar paa faste grunnar

7) Me elskar Norrig i gjerd aa song
so sødt um vor lukka drøyma
aa hender det os me kjem i trong
vil ikkje vor Gud os gløyma
i dal aa paa nut me halda vakt
me vil ikkje burt os gøyma